



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 21.11.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Pleie- og omsorgsleiar Margrethe Kvamme vil gje ei orientering om status i sektoren

Økonomisjef Magne Verpelstad vil i møtet gje opplæring i kommunal økonomi for kommunestyret

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Ole Kristian Øvre Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Petter Benjamin Arnesen	Politikar SO	varamedlem	vara for Knut Farestveit i sak
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
058/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/2019	Godkjenning av møteprotokoll
060/2019	Referatsaker
061/2019	Orienteringssaker
062/2019	Brannstasjon på Mo
063/2019	DIHVA fra IKS til AS
064/2019	Utviding av budsjettramme - ansvar 1600 næring
065/2019	Val av styrer, råd og utval for perioden 2019 - 2023
066/2019	Val av medlemmer til felles sakkunnig nemnd og overtakstnemnd for Modalen kommune og Masfjorden kommune - valperioden 2019 - 2023

Notat frå møtet:

058/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

059/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

060/2019: Referatsaker

Behandling:

Ordførar orienterte om møtet i Regionrådet, med hovudvekt på biosfæreprosjektet. Ein vart einige om å invitere prosjektleiar for biosfæreprosjektet, Kari Natland, til eit kommunestyremøte etter nyttår for å informere om status og vidare arbeid.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

061/2019: Orienteringssaker

Behandling:

Pleie- og omsorgsleiar Margrethe Kvamme orienterte om status og satsingsområde i sektoren. Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om kommunal økonomi for kommunestyret.

Rådmannen informerte om at det vert folkevaltopplæring for kommunestyret 22. og 23. januar 2020.

Ordførar informerte om at Miljødirektoratet har bestemt at Voss klekkeri skal nedleggjast hausten 2020. Modalen vil saman med Voss, Vaksdal og Osterøy kommunar skrive under på eit opprop mot forslaget. Ordførar får fullmakt av kommunestyret til å følgje opp saka vidare og til å skrive høyringsuttale mot forslaget om nedlegging på vegne av kommunestyret og Modalen kommune.

Rådmannen informerte om at Bergen Fiber har kome med tilbod om å kjøpe fibernettet som kommunen eig. Kommunestyret bed om at rådmannen kjem tilbake med saksutgreiing om mogleg sal av fibernettet, som kommunestyret kan ta stilling til og gjere vedtak i saka.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

062/2019: Brannstasjon på Mo

Behandling:

Knut Farestveit var ugild i handsaminga av saka, då han har levert inn anbod som underentreprenør av O.L Kyte. Petter Arnesen kom inn som vara under handsaminga av saka.

Prosjektleiar Steinar Barmen frå Forum arkitekter orienterte om saka og svara på spørsmål.

Rådmannen orienterte om den føreslegne finansieringa av prosjektet.

Under debatten tok Håvard Engeseth til orde for at prosjektet er for dyrt i høve tidlegare prognosar, og at ein burde gå fleire rundar for å sjå på rimelegare løysingar.

Ordførar tok rådmannen sitt framlegg opp til votering. Framlegget vart vedteke mot to røyster.

Representantane Håvard Engeseth og Robert Helland røysta mot.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å oppgradere eksisterande brannstasjon på Mo.

Modalen kommune inngår kontrakt med totalentreprenør O.L. Kythe AS som hadde det rimlegaste tilbodet i anbodskonkurransen. Budsjettkostnad på 12.700.000,- inkl.mva. Byggefase vil ha oppstart i desember 2019 og ferdigstillast fyrste halvår 2020.

063/2019: DIHVA fra IKS til AS

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

a. Modalen kommune vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Rådmannen får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet.

b. Modalen kommune vedtek å yte eit ansvarlig lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr. innbygger.

c. Modalen kommune vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19, vert tidspunkt for å tre ut av IKS-et tilsvarande endra.

064/2019: Utviding av budsjetttramme - ansvar 1600 næring

Behandling:

Økonomisjef og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål. Økonomisjef orienterte om ein feil i formuleringa i framlegg til vedtak, og bad om at denne vart retta i den endelege vedtaket. Framlegget, med endringsforslaget frå økonomisjef, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at nettoutgift til næring i skjema 1B aukast frå kr. 2 536 683,- til kr. 3 936 683,-. Dette vert finansiert ved auke i bruka av næringsfondet i skjema 1A frå kr. 3 430 000,- til kr. 4 830 000

065/2019: Val av styrer, råd og utval for perioden 2019 - 2023

Behandling:

Ordførar orienterte om valutvalet sine framlegg til medlemmer i styrer, råd og utval, med nokre endringar i høve den utsende oversikta.
Framlegg til vedtak, med endringsforslaga, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtar valutvalet sitt forslag til medlemmer i styrer, råd og utval for perioden 2019 – 2023 med desse unntaka:

- Kyrkjeleg fellesråd/soknerådet: Representant frå Modalen kommune vert Ann-Jorunn Farestveit. Vara vert Knut Farestveit.

- Medlemer frå Modalen til felles sakkunnig nemnd og overtakstnemnd med Masfjorden vert valt i sak 066/19.

066/2019: Val av medlemmer til felles sakkunnig nemnd og overtakstnemnd for Modalen kommune og Masfjorden kommune - valperioden 2019 - 2023

Behandling:

Ordførar og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Medlemer til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt for valperioden er:

Audun Eidsnes – leiar

Britt Farestveit - varamedlem

Medlemer til overtakstnemnd for eigedomsskatt for valperioden er:

Hallgeir Neset – medlem

Heidi Dale - varamedlem
